

Årsmelding Fogn Grendalag 2011

Grendalaget har som målsetjing å arbeida for trivsel og bærekraftig utvikling på Fogn. Laget har vidareført organiseringa med 2 arbeidgrupper fordelt på Samferdsel/Kommunikasjon og Kulturaktiviteter. Samferdslegruppa har vore leia av Wictor Juul og Malvin Sandanger har leia Kulturgruppa.

Viktige tema innan samfersel/kommunikasjon har vore sambindingsprosjektet Fogn-Børøy og generelt fokus på optimale ferjeruter. Grendalaget har sendt uttale til plan for reguleringsarbeid for prosjektet Fogn-Børøy. Laget har i tillegg hatt eit møte med Vegkontoret i Rogaland fylke. Me har også starta eit arbeid der me har målsetjing å få til ei arbeidgruppe samansatt av politisk leiing i Finnøy og Hjelmeland kommune i tillegg til representantar fra øyane i sambindingsprosjektet. Laget har hatt eit møte med politisk leiing i Hjelmeland om denne sak. Samferdslegruppa inviterte alle lokale partileiarar til møte på Fogn føre Finnøy kommune sin behandling av Areal og Transportplan for Ryfylke.

Kulturgruppa har organisert basar og konsert der inntekta har gått til barn i utviklingsland. I tillegg har det blitt arrangert utstillingar i samarbeid med Finnøy Husflidslag. Erås Museum bli brukt som eit kultursenter for Grendalaget. Kulturgruppa har også arbeida saman med Finnøy kommune for å rusta opp turstigane på Fogn.

Fogn Grendalag har etter ønske fra Finnøy kommune sendt innstilling om framtidig status og bruk av dei gamle kommunale kaiane på Fogn.

Ein viktig del av arbeidet til grendalaget er Fogn.org. Denne nettsida som blir drifta av Håvard Østhushus er eit framifrå reidskap for kommunikasjon og informasjon. Vidare utvikling av denne nettsida vil væra ein svært sentral del av grendalagsarbeidet vidare.

Hausten 2011 arrangerte laget eit Bygdeseminar som omhandla tema for lokal bygdeutvikling. Laget har som målsetjing at dette seminaret skal bli ein årvisss tradisjon.

Grendalaget har enda ikkje klart å sikra seg faste økonomiske inntekter, men stram økonomisk styring gjer at ein allikevel har kr 16 000 .- på konto. Laget har ikkje utbetalt noko form for godgjerdsle til valgte representantar i 2011.

STYRET.